



Sakshandsamar: Knut Skår

Vår referanse:

Vår dato: 16.06.2016

NVE
Konsesjonsavdelinga
Postboks 5091, Majorstua
0301 Oslo
nve@nve.no

Kommentarar til høyringsuttalane som er kome inn i samband med utbygging av Tynjadalen kraftverk sak nr: 201106687 og Fosseteigane kraftverk sak nr: 201106688 i Lærdal Kommune.

Viser til e-post av 30 mai der de ber om våre kommentarar på desse innan 16.juni.

Me håpar at våre kommentarar er tilfredsstillande som underlag for vidare handsaming frå NVE.

Beste helsing

For Tynjadalen Kraftverk (SUS) og Fosseteigen Kraftverk (SUS)

Knut Skår
Dagleg leiar
Okken Kraft Lærdal KF

Innhald

Kommentarar til uttalane frå:

1. Innleiing	3
2. SFE Nett	3
3. Statens Vegvesen	3
4. Nordfjella og Fjellheimen villreinnemd (gjeld Tynjadalen)	3
5. Lærdal Kommune	3
6. Sogn og Fjordane turlag	4
7. Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane.	5
8. Jon Farestveit	5
9. Forsvarsbygg	5
10. Elveigarlaget	6
11. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane (Tynjadalen)	7
12. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane (Fosseteigen)	7
13. Sogn og Fjordane Fylkeskommune	8

1. Innleiing

Utbyggar har lese gjennom alle uttalane som er komne og har etter beste evne prøvd å svara på desse. Dersom det skulle vere punkt som har trong for ytterligere kommentarar eler utgreiing så stiller me oss sjølvsagt positive til det

2. SFE Nett

Frå SFE sin uttale:

SFE Nett har ingen merknad til sjølve kraftverka, men vil kommentere den regionale nettsituasjonen.

Ei revurdering og justering av planlagde nettforsterkingar bør gjerast når aktuelt utbyggingsomfang er kjend.

Kommentar:

Ei utgreiing av nettet føregår for tida og me ventar på konklusjonane her . Det er teke inn eit veldig stort anleggsbidrag i prosjektet som er berekna ut frå at mykje av dette vert liggande på desse to kraftverka. Det er håp om at dette bidraget kan verte noko mindre.

3. Statens Vegvesen

Statens Vegvesen viser til generelle lover og reglar for nedføring av kabler, byggegrense til veg, avkjørsler og spesialtransport

Kommentar:

Utbyggar vil rette seg etter lover og Statens Vegvesen sine reglar under detaljplanlegginga av tiltaka

4. Nordfjella og Fjellheimen villreinnemd (gjeld Tynjadalen)

Vedtak

Nordfjella og Fjellheimen villreinnemd viser til naturmangfoldloven § 12, om miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder, og anmoder om at det blir tatt behørig hensyn dersom skulle vere villrein nær inntaksområdet. Villreinnemnda anmoder om at det gjøres støyvurderinger av anleggsarbeidet, spesielt sjaktboring og helikoptertrafikk som kan påvirke villrein negativt. I så fall bør anleggsarbeidet utsettes til etter 1. juni.

Kommentar:

Utbyggar meiner at kravet frå Villreinnemnda er uproblematisk å rette seg etter.

5. Lærdal Kommune

Kommunestyret har gitt positiv innstilling til begge prosjekta men me ønskjer å kommentere saksutgreiinga frå kommunen:

Saksframstillinga til kommunestyret tilrår at det blir sett som vilkår for konsesjon til Fosseteigen kraftverk at *heile røyrgata skal leggjast i eksisterande veg i Tynjadalen for å unngå kryssing av elva og forringing av kulturmiljø.*»

Dersom røyrgata ikkje skal kryssa elva, må kraftstasjonen flyttast til vestsida av Kuvelda, her meiner utbyggar at det ikkje er mogleg å etablere nokon stasjon utan store inngrep.

Søknaden har lagt vekt på den beste økonomiske og minst belastande løysinga, det er meir krevjande å få røyrgata ned i vegen, det er bratt skråning og vegen vil bli meir eller mindre fjerna i byggeperioden då røyret krev ei grøft på ca 3 meter i veg.

Det står og at «*Kuvelda sin nedre del er anadrom, og er viktig leve og oppvekstområde for laks og spesielt sjøaure.*»

Prøvefisket og miljørapporten som vart utført viser at dette ikkje er tilfelle og i rapporten står det: «*Det er få egnede gyteområder på den anadrome strekningen av Kuvelda. Strekningen er i sin helhet ganske stri. Den nedre delen har potensial som oppvekstområde for laks og ørret.*»

Utlaupet frå kraftstasjonen er 60 meter nedstraums vandringshinderet, dette er i den strie delen av den anadrome strekninga som ikkje er egna og kryssinga av elva er over den anadrome strekninga. (Sjå side 6 i vedlegg 17)

Den minstevassføring som er oppgitt i søknaden tilsvarar 5 persentil. (Q95)

Byantikvaren uttalar:

Tynjadalen og Fosseteigen kraftverk Elva Kuvelda renn gjennom eit rikt kulturlandskap av nasjonal verdi, med kulturminne av regional og lokal verdi. Området Tynjadalen vert i Kommunedelplan for landbruk og kulturminnevern frå 2009 vurdert til å ha kulturminnelandskap av høg verdi. Dei kulturminna som vert direkte påverka av utbygginga er kulturminner langs elva, som vatningsveiter, kvernhus og kvernhustufter. Desse er viktige for lesbarheita av kulturlandskapet og gjev oss ei forståing av korleis Lærdalsjordbruket har vore drive i tidlegare tider. Særleg er det plasseringa av sjølve kraftstasjonen som kan ha ein negativ verknad på kulturmiljøet ved elva.

Etter flaumen er det ikkje vatningsveiter att så vidt me veit, og områda for kraftstasjonen i Tynjadalen er stein og lausmassar frå flaumen. Når det gjeld Fosseteigen så står det i søknaden at «*kraftstasjonen vil stå i nærheten av forsvarrets anlegg og stå noe skjult av terrengformasjoner*» vidare er det slått fast at : «*I nedre del av prosjektområdet er det flere SEFRAK-registrerte bygninger, automatisk fredede kulturminner og steingjerder, men de vil ikke komme i konflikt med planlagt utbygging.*»

Derimot er det kulturminner på andre sida av elva som vil komme i konflikt om føreslått endring blir teke til følgje. I følgje Turlaget sin kommentar: «*Halabrekka har hagemark av høg verdi med beitemarksopper, desse er avhengig av råme i grunnen*»

Utbyggjar er sjølvsgat positive til ein god dialog då alle er interesserte i å finna dei beste løysingane.

6. Sogn og Fjordane turlag

Konklusjon:

Fosseteigen kraftverk vil fråføre vatnet i ei svært synleg elv i eit lokalt viktig område for friluftsliv.

Kraftstasjon ligg i lakseførande strekning, men kan flyttast 60 meter opp og såleis samanfalle med naturleg vandringshinder.

For landskap meiner vi verknaden av tiltaket vil ha middels-stor negativ verknad og denne er viktig for friluftslivet.

Akvatisk miljø middels-stor negativ verknad. Naturmiljøet vil verte lite til middels negativt påverka av utbygginga. Halabrekka har hagemark av høg verdi med beitemarksopper, desse er avhengig av råme i grunnen. Av omsyn til sumverknader, landskap, naturmiljø og friluftsliv meiner vi det ikkje bør byggast to kraftverk i Kuvelda. Det minst konfliktfylte og det som evt kan ha størst flomdempande effekt, Tynjadalen bør få konsesjon før Fosseteigen.

Kommentar:

Tynjadalen har sterk avgrensa åtkomst som også turlaget kommenterer sidan Forsvaret har stengt av dalen med port og kameraovervåkning. Det medfører heller ikkje rett at elva er svært synleg under Fosseteigen. Prøvefisket og miljørapporten som vart utført viser at: *«Det er få egnede gyteområder på den anadrome strekningen av Kuvelda. Strekningen er i sin helhet ganske stri. Den nedre delen har potensial som oppvekstområde for laks og ørret.»*

Halabrekka er på vestsida og vert ikkje omfatta av utbygginga slik den er planlagd.

Utlaupet frå kraftstasjonen er 60 meter nedstraums vandringshinderet, dette er i den strie delen av den anadrome strekninga som ikkje er egna og kryssinga av elva er over den anadrome strekninga. (Sjå side 6 i vedlegg 17)

Utbygger meiner at dei avbøtande tiltaka er tilstrekkelige for dei allmenne interessene.

7. Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane.

Tynjadalen kraftverk og Fosseteigen kraftverk

Ut frå konklusjonen: Skadane ved å byggje ut Tynjadalen og Fosseteigen er mindre enn for Øvre Kvenna, der konsekvensane og potensialet for funn av fleire sjeldne artar etter vår oppfatning er større enn det som går fram av konsekvensutgreiinga.

Kommentar:

Utbyggjar forhold seg til miljørapporten som er laga av Aurland Naturverkstad og som er fulgt opp av Sweco, etter flaumen er omfanget av sjeldne artar mindre og i deler av elva til dels fråverande.

Utbyggjar meiner og at dei avbøtande tiltaka er tilstrekkelige for dei allmenne interesse.

8. Jon Farestveit

Konklusjon:

Vi gå går av prisipielle årsaker mot ei bygging av dei to aktuelle kraftverka i "eit av dei mest storslagne fjordlandskapa i Norge" som det står i konsesjonssøknaden, men meiner likevel at Tynjadalen kraftverk har større verdiar knytte til seg enn Fosseteigen.

Kommentar:

Her er det referert til eit godt synlig fossestryk. Dersom dette er figur 11 Nedre del av bekkekløfta Trolleli-Tynjadalsbotn i vedlegg 17, så er dette ikkje lenger fossestryk etter vår meining. Inne i Tynjadalen ligg også tippen etter bygging av Lærdalstunellen som består av 1,65 mill kubikk masse.

9. Forsvarsbygg

Forsvarsbygg har levert ei uttale som kom som ei stor overrasking på utbyggjar og deler av denne må tufte på manglande kommunikasjon.

Ordføraren i Lærdal har forsøkt å få kontakt for å få i stand eit møte med Lærdal kommune, Utbyggjar og Forsvarsbygg for å få avklara det som etter vår meining er uklårt, det har enda ikkje lykkast å få sett ein dato for dette møtet.

Det var møte mellom falleigarane og Forsvaret 11.januar 2010, der både Forsvarets Logistikk organisasjon og Forsvarsbygg var positive til søknaden utan spesielle krav utanom at det ikkje måtte medføre kostnader for Forsvaret. I det møtet var Major Odd Regevik, Marie Smette og Einar Trulssen frå Forsvaret, samt juridisk konsulent Lasse Sælthun og Per Øvrevoll som representerte falleigarane.

Det er så vidt utbyggjar er kjend med inga ny aktivitet i dalen.

Det har vore jordskifte i dalen med fleire synfaringar med hensikt å fordele fallrettar. Det har vore henvendelsar om dette til forsvarsbygg utan at nokon har gitt nokon form for innvendingar mot arbeidet. Så dette er godt kjent i organisasjonen og såleis er denne uttalen heilt uforståeleg.

Grunneigarane eller falleigarane er ikkje uvedkommande og avtalen med forsvarer går på leige av grunn og ikkje bandlegging av naturressursane i dalen, i tilfelle dei vil gjere det må avtalen reforhandlast. Grunneigarane nyttar dalen til sauedrift, vedhogst og hjortejakt utan at det er krav til kvar dei kan gå, annan sikkerheit eller bruk av kommunikasjonsutstyr (stråling). Dei har nøkkel til port og kan bevege seg fritt når som helst.

Vegvesenet nytta dalen til anleggsdrift frå 1995 til 2000 ved bygging av Lærdals tunellen, i denne perioden stod bommen meir eller mindre open heile tida, det var heller liten og inga kontroll med personell. Forsvaret har i siste tida rusta opp vegen inn dalen etter flaumen i 2014, det var ikkje sett krav til entreprenørane om nokon form for sikkerheitsklarering av personell, berre signatur av taushets-erklæring.

Strålingsfare frå inntak er etter utbyggars sitt syn eit noko underleg argument, det er ikkje Ex soner i området og heller ikkje avgrensing på bruk av blant anna mobiltelefon eller anna kommunikasjonsutstyr.

For å unngå eventuell stråling er det berre å sette krav til utstyr som kan nyttast i inntaket, eks. fiber og ikkje radiokommunikasjon. Elles vil det berre være ein rørbrotsventil og minstevassmåling i inntaket og dette er utstyr som ikkje vil ikkje medføre stråling. Det er uansett krav til at alt elektromateriell skal være CE merka som blant anna seier noko om elektromagnetisk stråling. Dei grensene er langt under strålinga frå ein mobil eller ein jaktradio.

Utbyggjar ber om utsetjing av vidare kommentarar til Forsvarsbygg sin høyringsuttale til me har fått halde det omtalte møtet.

10. Elveigarlaget

Lærdal elveigarlag er på generelt grunnlag uroa over den samla temperaturpåverknad småkraftverk påfører hovudelva.

Kommentar:

Frå miljørapporten kan ein lese:

Endringane i flaumregime, vassstemperatur og vassføring nedstrøms kraftverket vurderast som små.

Tiltaket vil få liten negativ konsekvens for vanntemperatur, isforhold og lokalklima.

11. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane (Tynjadalen)

Konklusjon

Eit Tynjadalen kraftverk vil redusere vassføringa i Kuvelda, og påverke lokalitetar med viktige naturtypar og område med svært mange funn av raudlista artar. Tynjadalen er påverka av inngrep, men ei utbygging vil klart redusere store biologiske verdiar i den mindre påverka, øvre delen av området.

Fylkesmannen rår sterkt frå at det vert gjeve konsesjon til Tynjadalen kraftverk. Grunngevinga for dette er i hovudsak at

- *vassuttaket er for stort, og minstevassføringa for låg, til å stette krava til dei fuktkevjangande, raudlista artane som er påviste i området*
- *inntaket er plassert ovanfor bekkekløfta Trodlehølet*
- *overgangen tunnel/røyrgate er planlagt i eit område med raudlista artar i naturtypelokaliteten Trolleli-Tynjadalsbotn*

Kommentar frå miljørapporten vedlegg 17:

Etter flommen er bekkekløfta Trolleli-Tynjadalsbotn blitt redusert i størrelse (sjå figur 11 Nedre del av bekkekløfta Trolleli-Tynjadalsbotn i vedlegg 17), men bekkekløfta Trodlehølet gjør at verdien fortsatt er vurdert til å være middels for verdifulle naturtyper.

Omfang og konsekvensvurdering

Tiltaket vil føre til redusert vannføring på elvestrekningen. I biologisk mangfoldrapporten er det forutsatt at flatsaltlav (sårbar – VU) vil bli sterkt negativt påvirket av redusert vannføring. Den negative påvirkningen er mye mindre etter flommen, da vannføringen i elva ikke er viktig for å opprettholde fuktigheten langs funnstedet.

Utbyggjar meiner og at dei at dei avbøtande tiltaka er tilstrekkelige.

12. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane (Fosseteigen)

Konklusjon:

Eit Fosseteigen kraftverk vil, slik prosjektet er planlagt, føre til redusert vassføring på anadrom elvestrekning i eit nasjonalt laksevassdrag. Vidare vil redusert vassføring etter utbygging påverke ein svært viktig naturtype, og det vil verte inngrep i delar av eit nasjonalt viktig kulturlandskap. Tiltaksstrekninga er elles i stor grad prega av inngrep, og skade etter storflaum.

Fylkesmannen vil ikkje rå frå ei utbygging, føresett at

- *kraftstasjonsavløpet vert etablert ovanfor eller ved vandringshinder for anadrom fisk*
- *anadrom fisk vert sikra mot moglege negative konsekvensar som følgje av uføresette stans i kraftstasjonen og eventuell gassovermetting i avløpsvatnet*
- *røyrгатetraseen vert etablert så skånsamt som råd, langs eksisterande veg til kraftstasjon på nordvestsida av Kuvelda*
- *det vert stilt krav om god terrengtilpassing og mest mogleg naturleg tilstelling etterpå*

Kommentarer:

Prøvefisket og miljørapporten som vart utført viser at dette ikkje er tilfelle og i rapporten står det: «Det er få egnede gyteområder på den anadrome strekningen av Kuvelda. Strekningen er i sin helhet ganske stri. Den nedre delen har potensial som oppvekstområde for laks og ørret.»

Utlaupet frå kraftstasjonen er 60 meter nedstraums vandringshinderet, dette er i den striede delen av den anadrome strekninga som ikkje er egna som oppvekstområde

Kryssinga av elva er over den anadrome strekninga. (Sjå side 6 i vedlegg 17)

Fosseteigen er planlagt med omløpsventil eller tilsvarende løysing for å unngå ulempe ved brå stans. Dagens teknologi med vasstandsregulering gjer faren for gassovermetning er svært liten.

På norvestsida av Kuvelda er det ikkje mulig å etablere nokon stasjon utan store inngrep. Søknaden har lagt vekt på den beste økonomiske og minst belastande løysinga, det er meir krevjande å få røyrkata ned i vegen, det er bratt skråning og vegen vil bli meir eller mindre fjerna i byggeperioden då røyret krev ei grøft på ca 3 meter i veg.

Utbyggjar meiner og at dei avbøtande tiltaka er tilstrekkelige.

13. Sogn og Fjordane Fylkeskommune

Tynjadalen kraftverk Fordelane ved tiltaket er vurdert til å vere større enn ulempene, og fylkeskommunen rår til at det vert gitt løyve.

Tynjadalen kraftverk. Elva frå Øvredal og nedover til Tynjadalsbotnen med fossar og stryk (Trollelifossen) er eit viktig landskapselement. Sjølv om den planlagde utbygginga vil endre på dette, meiner fylkesrådmannen at utbygginga kan akseptrast. Andre svært synlege inngrep i området dannar ein viktig del av grunnlaget for ein slik konklusjon. F Fylkesrådmannen vil difor rå til utbygging i tråd med søknaden. Krav om undersøking i tråd med kulturminnelova § 9 må setj ast som konsesjonsvilkår.

Fosseteigen kraftverk Fordelane ved tiltaket er vurdert til å vere større enn ulempene, og fylkeskommunen rår til at det vert gitt løyve.

Fosseteigen kraftverk Elva i nedre delen av Tynjadalen med Grøtefossen er eit viktig landskapselement. Sjølv om den planlagde utbygginga vil endre på dette, meiner fylkesrådmannen at utbygginga kan akseptrast. Vegen oppover dalen, forsvaret sitt anlegg og store endringar i elveløpet etter flaumen i 2014, gjer at tiltaksområdet er moderat sårbart for inngrep som nedgravd rørgate, kraftstasjonsbygg og redusert vassføring. Fylkesrådmannen vil difor rå til utbygging i tråd med søknaden. Krav om undersøking i tråd med kulturminnelova § 9 må settast som konsesjonsvilkår.

Utbyggjar meiner at Tynjadalen kraftverk vil ikkje omfatte områder som kan ha SEFRAK-registrerte bygningar, automatisk freda kulturminner. Dette utifrå at dei berørte områda i hovudsak vil være i dei flaumutsette områda samt i områda i forbindelse med Vegvesnet sin tipp.

Når det gjeld Fosseteigen så er dette omtalt i miljørapporten:

«kraftstasjonen vil stå i nærheten av forsvarets anlegg og stå noe skjult av terrengformasjoner» vidare er det slått fast at : «I nedre del av prosjektområdet er det flere SEFRAK-registrerte bygninger, automatisk fredede kulturminner og steingjerder, men de vil ikke komme i konflikt med planlagt utbygging.»

Utbyggjar meina såleis at det ikkje er naudsynt med krav om undersøking i tråd med kulturminnelova §9. Utbyggjaren har lagt vekt på den beste økonomiske og minst belastande løysinga, derimot kan det være kulturminner på vestsida av elva som kan medføre krav om slik undersøking.